



Nordfjord miljøverk iks  
Eidsmona 36  
6823 Sandane

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

## Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Nordfjord miljøverk iks, Ivahola avfalls plass Kontrollnummer: 2021.396.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Inge Bent Arnestad  
Janne Bareksten

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Gøsta Hagenlund  
Kristin Espeset

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Ivahola avfalls plass den 8.9.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland fann 3 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

1. Toppdekke er ikkje tilstrekkeleg
2. Avfall er ikkje tildekt og ligg dels utanfor areal merkt som deponi
3. Gassanlegget er ikkje i drift

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt frå side 3.

### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Gøsta Hagenlund  
sjefingeniør

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Kopi til: Gloppen kommune

## Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Nordfjord miljøverk iks	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 877554392	<b>Eigd av:</b> 977549833

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Ivahola avfalls plass (etterdrift)	<b>Anleggsnr.:</b> 4650.0011.04
<b>Kommune:</b> Gloppen	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Deponi for ordinært avfall	
<b>Løyve gitt:</b> 25.3.2015	<b>Sist endra:</b> -

## Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48 og avfallsforskrifta § 9-15.

### Inspeksjonstema

- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Tiltak ved avslutting av avfallsdeponi

Rapporten gjeld avvik og eventuelle merknader som vart funne under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## Oppfølging etter inspeksjonen

Nordfjord miljøverk iks (NOMIL) pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1.11.2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@Statsforvaltaren.no) til Statsforvaltaren i Vestland v/Gøsta Hagenlund.

## Vedtak om gebyr om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25.8.21. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av venta ressursbruk må NOMIL betale eit gebyr på kr 27 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

## Avvik

### Avvik 1. Toppdekke er ikkje tilstrekkeleg

**Avvik frå:** Utsleppsløyvet pkt. 4.2 og 5.5

#### Kommentarar til regelverket:

Toppdekke skal vere samansett av ulike lag uorganiske og organiske massar som skal sikre deponert avfall og hindre utslepp av deponigass eller skadeleg avrenning. Utgangspunktet er at dekket skal vere bygt opp som omtalt i pkt 4.2 i utsleppsløyvet. Hovudmeininga med vilkåret på lang sikt er å sikre at tenkt bruk etter avslutting av etterdrift kan skje forsvarleg.

**Avviket er basert på følgende observasjonar:**

Verksemda har ikkje gått over heile deponiet og sjekka kor det er overdekt og ikkje. Toppdekket er tilstrekkeleg djupt eller likt utforma alle stader. Avfall og kompost-/tre-restar var synleg fleire stader. Nokre stader er det svak vegetasjonsutvikling. Nokre stader er det endring i overflata på grunn av aktivitet i deponiet. Verksemda kan ikkje dokumentere at toppdekket er utforma i samsvar med løyvet.

**Avvik 2. Avfall er ikkje tildekt og ligg dels utanfor areal merkt som deponi**

**Avvik frå:** Utsleppsløyvet pkt. 2.1 og kap. 4

**Kommentarar til regelverket:**

Avslutta avfallsdeponi skal ikkje ha synleg avfall på, eller i nærleiken av deponiarealet. Alt avfall som er spreidd til terreng er føresett rydda i samband med avslutting. Avfall som eventuelt kjem til syne i etterdriftsfasen må ryddast.

**Avviket er basert på følgende observasjonar:**

I skogterreng sør på deponiet er det på kart merkt deponi for asbestavfall. Deponiet var ikkje tilstrekkeleg tildekt.

Terreng rett sør for deponiet har vore delvis tilrettelagt for maskinkøyning. Terreng må tilpassast ønskt etterbruk (skogsveg eller skogsterreng). Overflata har spor av avfall.

Nedanfor tilkomstvegen rett aust for deponiet er det tydelege teikn på deponert avfall, og forsøpling av avfall ligg ved og nedanfor området. Det synest som at delar av veggen er lagt oppå avfall som er deponert i ein tidleg driftsfase.

Det ligg avfall i terreng utanfor deponiet fleire stader. Verksemda har ikkje gått over heile deponiet og sjekke kor det er overdekt og ikkje.

**Avvik 3 Gassanlegget er ikkje i drift**

**Avvik frå:** Utsleppsløyvet pkt. 5.4

**Avviket er basert på følgende observasjonar:**

Deponiet genererer metangass. Gassanlegget er ikkje i drift, og har ikkje vore i drift på fleire år.

**Merknader**

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## Andre tilhøve

Tilsynet omfatta berre inspeksjon i terrenget på og ved det nedlagte deponiet. Verksemda sin internkontroll for å stette vilkår og krav gitt i vårt skriv frå 2015 var ikkje omfatta. Vi gjer merksam på at verksemda må utarbeide mål, handlingsplanar og rutinar for å følgje opp krav som no vil verte vedteke som etterdriftskrav til deponiet. Vi vil følgje opp verksemda si oppfølging av krav til internkontroll ved tilsyn.

Vi etterlyste rapporten om "Forslag til overvåkingsprogram for Ivahola avfallsplass", jf. omtale i dykkar skriv om avslutting frå juni 2021.

Tilsynet påviste noko større utstrekning av deponiet enn det som var kjend. Skisse over nytt areal vil verte teikna inn i databasen Grunnforurensning på lokalitet "4388 Ivahola avfallsplass".

## Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Nordfjord miljøverk iks avsluttingstiltak, dokumentasjon datert juni 2021

## Informasjon til verksemda

Vilkåra for avslutting av deponiet er nådd med gjennomføring av tiltak som er påkravd i samsvar med denne tilsynsrapporten.

Statsforvaltaren vil utferde nytt kravdokument med presisering av korleis deponiet skal driftast i etterdriftstida. I etterdriftstida er det ikkje lovleg å nytte eigna avfall eller avfallsbasert masse til utbetring/vedlikehald utan etter særskild godkjenning (løyve).